

Til postmottak@kd.dep.no

Høyringsvar frå Høgskulen i Sogn og Fjordane om endringar i barnehagelova og tilhøyrande forskrifter

Me viser til Kunnskapsdepartementet sitt notat og høyringsbrev datert 17.november 2014 om forslag til endringar av barnehagelova og tilhøyrande forskrifter. Høgskulen i Sogn og Fjordane gjev med dette innspel på dei tre nemnde endringsområda:

- Gi fylkesmannen moglegheit til å føre tilsyn med barnehagar
- Presisering av barnehagen sitt arbeid med dokumentasjon og vurdering
- Endring av omgrepet førskulelærer til barnehagelærer i lova

Når det gjeld punkt ein og tre, så er Høgskulen i Sogn og Fjordane samd i forslaga om å gi fylkesmannen moglegheit til å føre tilsyn, og endring av omgrepet til barnehagelærer i lova.

Dette høyringssvaret vil vidare dreie seg om presisering av barnehagen sitt arbeid med dokumentasjon og vurdering. Me er einige i at det kan vere behov for ei presisering av barnehagen sitt arbeid med dokumentasjon og vurdering i lov og forskrift. Forslaget slik det her ligg føre meiner me diverre ikkje er ei slik presisering, men ei drastisk endring. I forslaget overser ein det som allereie står i rammeplanen om dokumentasjon og vurdering, og legg til grunn ein annan oppfatning av desse omgrepa i barnehagesamanheng.

Dokumentasjon vert i rammeplanen kopla til barnehagen og personalet sitt arbeid. Her presiserast også tydeleg at dokumentasjon av enkeltbarn skal skje i samarbeid med barnet sine føresette og i samband med samarbeid med hjelpeinstansar utanfor barnehagen.

Vurdering vert i rammeplanen først og fremst kopla til vurdering av verksemda, og ikkje av enkeltbarn. Når det gjeld vurdering av enkeltbarn står det at barna sin trivsel og utvikling fortløpande skal observerast og vurderast. Observasjonar og vurderingar av barna sin trivsel og utvikling gjer personalet i barnehagen og barnehagelæraren kvar dag i lag med barna. Å observere og vurdere barna sin trivsel og utvikling skjer ikkje fortrinnsvis gjennom dokumentasjon eller kartlegging. Vidare i rammeplanen står det at måloppnåing hjå enkeltbarn normalt ikkje skal vurderast. Me kan ikkje sjå at systematisk dokumentasjon og vurdering av enkeltbarnet si utvikling er noko anna enn vurdering av måloppnåing etter gitte kriterium.

Slik me les forslaget vil ein gjennom lova i sterkare grad leggje føringar for ei systematisk kartlegging av barn sin trivsel og utvikling i barnehagen. Dette er stikk i strid med kva me trur vil vere utviklande for kvaliteten på barnehagetilbodet. I notatet ser ein vekk i frå at barnehagelæraren sin profesjonsrolle i stor grad dreier seg om å vere i lag med, leie og ta ansvar for barn i barnehagen. Å sikre at barna får eit tilrettelagt tilbod, og at ein tek omsyn til kvart enkelt barn sin trivsel og utvikling, blir i hovudsak gjort i dagleg samspel med barna det gjeld. Barnehagelæraren skal observere og vurdere det som vert observert, men i arbeid med barn er slik kunnskap «ferskvare» som endrar seg frå dag til dag. I enkelte tilfelle vil barnehagelæraren

observere og vurdere det slik at ein har behov for meir systematisk observasjon. Då skal foreldre/føresette og eksterne hjelpeinstansar koplatt inn.

Presisering av barnehagen sitt arbeid med dokumentasjon og vurdering i lova burde etter vårt syn vere ei presisering av den plikta ein har til dokumentasjon og vurdering av verksemda. Det kunne også vere behov for å presisere foreldre og barn sine rettar når det gjeld dokumentasjon og vurdering av enkeltindivid. Slik forslaget no ligg føre er det det motsette ein vil gå inn for. Ein dreier dokumentasjon og vurdering i barnehagen vekk frå verksemda og arbeidet til personalet og mot kartlegging av enkeltbarnet sin trivsel og utvikling. I staden for å styrke barn og foreldre sine rettar, tek ein i frå foreldra retten til samtykke.

I pkt 6.7 om eigars ansvar blir det føreslått å gje eigar rett til å velje kva system, verktøy og observasjonsmetodar barnehagen skal gjere seg nytte av for å følgje med på barns trivsel og utvikling i kvardagen, og for å oppdage og følgje opp barn med særlege behov for hjelp og støtte. Slike vurderingar må det vere personar med barnehagefagleg kompetanse som skal ta og ikkje eigar. Forslaget, slik det ligg føre her, oppfattar vi som nedvurdering av profesjonskompetansen til styrar og pedagogisk leiar.

Høgskulen i Sogn og Fjordane kan ikkje stille seg bak dette forslaget og ytrar eit sterkt ynskje om at ein lyttar til den barnehagefaglege profesjonen når lov, forskrift og på sikt rammeplan skal reviderast.

Sogndal 19.januar 2015

Med helsing frå
Høgskulen i Sogn og Fjordane
Avdeling for lærarutdanning og idrett

Rasmus Stokke
- dekan -

Aud Marie Stundal
- instituttleiar -